



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Lars Kringstad, 71 25 84 50

Averøy kommune - uttak av vatn og regulering av Storvatnet - Norde Averøy vannverk SA. Høyringsfråsegn.

Bakgrunn

Det er behov for oppgradering og forsterking både av eksisterande dam og av sikkerheita til vassforsyninga i området. Storvatnet sikrar ordinær vassforsyning til Nordre Averøy og skal også vere reservevassforsyning til resten av Averøy. Vatnet kan også vere reservevassforsyning til Kristiansund vassverk. Vatnet har vore oppdemt sidan 1800-talet og har i 50 år vore råvasskjelda til Nordre Averøy Vannverk SA.

Det framtidige vassbehovet vil auke til 1.5 mill. m³ pr. år i forsyningsområdet til Nordre Averøy Vannverk SA. I situasjonar med langvarig reservevassforsyning til Folland vassverk trengs om lag 2 mill. m³ pr. år. Ved eventuell langvarig reservevassforsyning til Kristiansund vil det samla vassbehovet på årsbasis vere 6 mill. m³ pr. år. Det blir derfor søkt om å kunne ta ut inntil 6 mill. m³ vatn pr. år og å regulere Storvatnet mellom LRV 24,7 og HRV 26,7. Dagens regulering er målt til LRV 25,4 og HRV 26,6. Reguleringa altså vil auke frå 1,2 til 2,0 m. Det er ikkje tidlegare søkt om konsesjon for dammen i Storvatnet.

Merknader

Vatnet frå Storvatnet renn ut i Strømselva (Straumselva). Dette er eit anadromt vassdrag med hovudsakleg sjøaure. Vidare er det ein god bestand av elvemusling i vassdraget. Det vedlagte NTNU notatet, om biologiske undersøkingar i Strømselva, viser at vassdraget har gode oppvekst- og gytehabitat for sjøaure. Tettleik på elvemusling blir vurdert til å vere fleire tusen individ. Det ble påvist rekruttering av muslingar. Dette er også dokumentert av Miljøfaglig Utredning AS i Rapport 2006:48.

Det er sannsynleg at ål går opp i Storvatnet. Det er m.a. ei registrering i Artsdatabanken gjort av NINA i 1993. Ved bygging av ny demning vil vi rå til at det blir stilt krav til tiltak som gjer at ålen kan kome forbi.

Det er svært viktig at det blir stilt krav til tilstrekkeleg minstevassføring for å sikre at vassuttaket ikkje får negative konsekvensar for dei viktige biologiske verdiane i vassdraget. NTNU-notatet konkluderer



med at minstevassføringa i Strømselva må vere minimum det som lekk ut frå demninga i dag. Dei estimerer at dette kan ligge på 80-90 l/s. Det er foreslått minstevassføring på 79 l/s sommar, 83 l/s vinter og 120 l/s i oktober. Vi er usikre på om dette vil vere nok. NTNU-notatet føreslår ein metode for å finne ut kva som er tilstrekkeleg vassføring ved å sleppe ut ulike kjente vassføringar med fagpersonar i elva for å vurdere kva som er nok. Vi rår til at dette blir gjennomført.

Nordre Averøy Vannverk SA har godkjent utsleppsløyve (forureiningslova) frå 2006/2008 til utslepp av prosessavløpsvatn frå behandlingsanlegget til Strømselva. Det vart sett krav til undersøking av elvemusling (areal og tal) før det kunne sleppast på vatn. Det vart også stilt krav til ny undersøking etter fem års drift. Ved større vassuttak går vi ut frå at det også blir auke i utslepp av humushaldig vatn frå vasking av membranen. Det er naturleg at utsleppsløyvet då må reviderast.

I Vann-nett er både miljøtilstanden og miljømål for Storvatnet satt til god. Strømselva er i Vann-Nett vist med moderat økologisk tilstand og miljømålet er satt til god. Grunngevinga for dette er Vitenskapelig råd for lakseforvaltning sin rapport 9-2022 som vurderer at lakselus har stor påverknad på bestandsstorleiken på sjøaure. Bl følgje vassforskrifta kan ein ikkje setje i gang tiltak som reduserer miljøtilstanden. Vi går ut frå at NVE vurderer dette ved behandlinga av søknaden.

Konklusjon

Statsforvaltaren viser til merknadene over. Storvatnet drenerer til Strømselva. Dette vassdraget har store biologiske verdiar, m.a. sjøaure og elvemusling, som er avhengig av nok minstevassføring. Vi er usikre på om det føreslegne minstevassføringsregimet er tilstrekkeleg og rår til at dette blir kvalitetssikra før konsesjonen blir gitt. Det bør også etablerast tiltak som gjer at ål kan kome forbi ny demning i Storvatnet.

Med helsing

Linda Aaram (e.f.)
underdirektør

Lars Kringstad
Senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

AVERØY KOMMUNE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 152 Bruhagen
Postboks 2500

6538 AVERØY
6404 MOLDE